

Høyringsuttale til nytt inntektsystem for kommunane.

Vedtatt i formannskapet i Lom kommune den 1 mars 2016

Lom kommune meiner at kort frist for høyringsuttale er svært uheldig for ei så stor og viktig sak for kommunane. Vurderinga av nytt inntektssystem bør utsettast til resultatet av kommunereformen ligg føre.

Det grunnleggjande prinsippet for inntektssystemet er å sette kommunane i stand til å levere likeverdige tenester med god kvalitet til innbyggjarane i alle kommunar. Det blir forutsett at framtidig inntektssystem og dei samla inntektene til kommunane ivaretak dette prinsippet.

Lom kommune meiner at høyringsutkastet til nytt inntektssystem vil føre til reduksjon av inntektsgrunnlaget både på stutt og lang sikt og at dette vil utfordre det grunnleggjande prinsippet om likeverdige tenestetilbod.

Nytt inntektssystem har den opplagte konsekvensen at omfordeling av inntektsandel fra distriktskommuner til byar og folkerike kommunar vil bli resultatet, noko som også vil utfordre likheitsprinsippet.

Lom kommune er samd i forslaget om endra kostnadsnøklar og endra sektorvekting og forutset at desse blir oppdatert fortløpande.

Lom kommune meiner at innføring av attendeføring av andel av selskapsskatt med utvikling i lønnsgrunnlag basert på personinntekt også vil svekke distriktskommunar. Dette er grunngjeve med at mange distriktskommunar er næringssvake, har lågare lønnsnivå og dårlegare utsikter til å få sin rettmessige andel av vekst i løn. Dersom andel av selskapsskatt som skal tilførast kommunane skal endrast forutset Lom kommune at det blir kompensert for dette.

Modellen for utrekning av strukturkriterie ser ut til å ha uheldige virkningar og må vurderast nærmere før det evt blir innført.

Dei regionalpolitiske verkemidla må førast vidare på eit nivå som gjer det mogleg for distriktskommunar med store utfordringar, å gje likeverdige tenester samanlikna med meir sentrale og skattemoderne kommunar.

Det er viktig å videreføre dagens inntektsutjamning på minst 60%, og skattedelen må ikkje aukast.

Utforming av nytt inntektssystem må gjerast nøytralt, utan knyting til kommunereformen.

Inndelingstilskotet må ikkje avgrensast på tid.

Kvar enkelt kommune må halde fram med å få inntekter knytt til kraft, inkludert eigedomsskatt, konsesjonsavgift, naturressursskatt og konsesjonskraft, utan at dette blir jamna ut mot overføringar elles. Dette er grunngjeve med lokaldemokrati og at dette er verdisskaping med utgangspunkt i at lokalsamfunna har gjeve frå seg av sine lokale verdiar og ressursar. Dette prinsippet må ikkje avvikast.